SIGRID MOLDESTAD

BREVET TIL KJÆRLEIKEN

TEKSTAR AV JAN-MAGNUS BRUHEIM

1 Å KJÆRASTE (Bøn for henne) 3.07

2 DU I MEG 3.17

3 TRI ROSOR 2.19

4 TUNGT GLIR BÅTEN 3.43

5 VEGEN 3.34

6 BREVET 2.54

7 NÅR VI MØTEST 2.49

8 HAUSTKVELD VED HAVET 2.44

9 DEN ANNSAME 3.41

10 KVA BATAR DET? 1.47

11 TRØ IKKJE INN I STILLA (Støkk ikkje) 2.27

heilo

℗ © 2014 Grappa Musikkforlag AS n©b HCD7290 All rights of the producer and of the owner of the work reproduced reserved.
Unauthorized copying, hiring, lending, public performance and broadcasting of this record prohibited.

«Du er alt. Du er i alt. I lyst og pine. I freden og fredløysa.
I sorg og i sæle. I dagen og natti. Myrkret og ljoset.
Kjærleik! Syn meg di løynde kjelde og kvar du kjem ifrå.»
(«Brevet til kjærleiken» 1977)



JAN-MAGNUS BRUHEIM

Det var så mange dikt eg kunne velje mellom. At det vart akkurat desse skuldast både mi eiga dragning til noko i orda, versa og rima. Noko i historia og bilda dei gav meg og songen dei nynna til meg når eg las dei. Jan-Magnus skreiv så mange fine dikt. Nokre av dei mørke, nokre av dei stumt ropande, nokre få elleville glade, men mest av alt personlige små brev frå ei kjelde i han sjølv. Skrivne i kjærleik til ordet, til menneske, dyra og naturen. Til undringa over livet på godt og vondt.

I løpet av det siste året har eg lurt på kven han var, han Jan-Magnus. Gjennom orda hans føler eg at eg har blitt kjend med ein varsom, øm og beskjeden mann. Ei lengtande drøymande sjel som eg kjenner meg att i. Ein samfunnsengasjert og leikande lærar. Ein pliktoppfyllande kar med mange hemmelighetar trass alle dei ærlige og modige dikta. Einsemda var om mogleg sjølvvalgt følgjesven saman med lengten etter det motsatte. Takk Jan-Magnus, for reisa eg har fått vere med på gjennom arbeidet med dine ord.

– Sigrid –

EINSEMDA, DRAUMEN OM KJÆRLEIK OG FELLESSKAPET

Jan-Magnus Bruheim var fødd 1. februar 1914, i Skjåk i Gudbrandsdalen. Det er altså 100-årsjubileum for han i 2014, og ein cd med eit utval av dikta hans er ein fin måte å minnast diktaren på. Bruheim har skrive nokre av dei sterkaste – og såraste – dikta om lengsel og draum om kjærleik i norsk lyrikk. Men han var også samfunnsengasjert og skreiv mange dikt om ei samtid prega av atomtrugsmål og krigsfare.

Bruheim var bokinteressert og skreiv heilt frå ungdomen av. Men han hadde lite formell skulegang: eitt år på mellomskule og nokre månader på ein folkehøgskule var alt av det slaget. Han sa sjølv at han hadde lite «kjøpe-vit» – vitet hans var heimeavla!
I oppveksten arbeidde Bruheim på farsgarden, og han var folkeskulelærar nokre år, men frå 1961 var han diktar på heiltid.

Jan-Magnus Bruheim debuterte som lyrikar i 1941, og gav til saman ut 18 diktsamlingar og ei samling med aforismar og kortdikt, eller «visord» som han sa sjølv. Mange kjenner til barnebokforfattaren Bruheim, og somme veit òg at han gav ut nokre prosabøker. Ei av dei, *Brevet til kjærleiken* sette han sjølv høgast av bøkene sine. Tittelen på denne boka kan godt stå som overskrift for eit hovudtema i lyrikken hans.

I dei første samlingane handlar det mykje om einsemd, lengt og draumen om kjærleik. Den første samlinga heiter då også *Stengd dør*, og dikta fortel om eit eg som lengtar etter fellesskap, men som har vanskar med å nå ut til andre. Nokre dikt er inderlege kjærleiksuttrykk, men kjærleiken vert berre draum, aldri levd liv for den unge mannen.

Etter kvart sprengjer diktaren seg ut av den isolerte einsemda, og tek inn over seg lidingane i verda. Diktaren ser ei verd med krig, urettferd og angst. Forfattaren sjølv slit med orda, han vil så gjerne at dikta skal bety noko. Men det er vanskeleg å nå gjennom all larmen i samtida. Ord gjenom larm kalla han ei av samlingane sine.

I eit intervju med Vårt Land i 1975 blei Bruheim spurd om kvifor han skreiv:

Ein skriv vel fordi ein ikkje kan la vere. Eg meiner eg har noko eg vil meddele andre. Dessutan kan ein seie at det å skrive er ei søking etter kontakt med andre menneske. For meg tyder det mykje å vite at eg har ein mottakar i lesaren. (...) Dessutan kan ein sjå på det å dikte som ein kompensasjon for eit liv ein ikkje får leve, eller som eit ynske om eit liv ein kunne leve.

Ei av diktbøkene heiter *På skålvekti*, også dette er ei talande overskrift for mange Bruheim-dikt: Mangt i livet kan stå og vippe, mellom framgang eller nederlag, mellom katastrofe eller siger. Grokrefter står mot undergangskrefter, vekst mot nederlag. Då kan den enkelte bety noko med sin innsats, si gjerning. Den etiske appellen er sterk hos Bruheim: Vi har alle eit ansvar som vi ikkje slepp unna. Dette gjeld sjølvsagt i det næraste, men ansvaret femner om alt levande – jorda rundt.

Bruheim sine dikt er ofte bygt opp kring kontrastar: røyndom og draum, lengsel og vonbrot, einsemd og fellesskap, draum og håp, vekst og undergang, avgrunnar av håpløyse mot trassig tru på det gode. Gjennom alle tiår finn vi i dikta ei sterk tru på dei gode kreftene i menneska, gjerne personifisert ved kvinna og barnet. Bruheim ber fram eit optimistisk livssyn – trass alt, kunne vi legge til. Ved sida av dette: ei sterk ansvarskjensle, og ei like sterk understreking av at einsemda som råkar menneska må tolast.

Sigrid Moldestad sitt utval av Bruheim-dikt spenner over heile forfattarskapen, med dikt frå alle tiåra Bruheim skreiv. «Tri rosor» som stod i debutsamlinga frå 1941, skreiv Bruheim allereie som 18-åring. Dei tre rosene er tre innhaldstunge ord, ei kort setning: Eg elskar deg. 56 år seinare krinsar forfattaren framleis om det same temaet: «Brevet» var det siste diktet Bruheim sende frå seg, kort tid før han døydde i 1988. Framleis slit han med å få orda ned på papiret, det er mykje som skulle vore sagt. Han får til berre eitt ord. Men kanskje er det nok med dette eine, varme ordet, når alt kjem til alt: Kjære.

– Ove Eide –

Botnane Skulehus september 2013.

Å KJÆRASTE

(frå diktet «Bøn for henne»)

Det fyrste diktet som vart ein song. Startlinja greip meg med eingong. Teksten er som kjærleikens brev til nokon. Den er smertefull og fantastisk på same tid. Frå diktsamlinga «Vide er vegane» frå 1960.

Eg ber for deg, om sorgi tung og stor
Men ikkje tyngre enn du orkar bera.
Eg ber for deg, um kvide utan ord
Så du kan kjenna kva det er; Å vera

Eg bed at sorgi som eit stormkvitt hav
Skal slå imot det harde berg: Ditt hjarte
At all din lukkedraum skal gå i grav
Og livet pine deg med dagar svarte

Å kjæraste eg bed og vil deg vel
At du skal mogne gjennom tunge dagar
Så du tilsist kan vinne deg ei sjel
Som blømer fullrik inn i livsens hagar

Å gløym den vondi bøni som eg bad
Tener det deg- lat meg bera all di plage
Gjev meg den sorg og kvide du skal ha
Glad skal mitt hjarte bera, utan klage

For eg har bore før, Er evig trel
Av denne sælekjensla i din nærleik
Kva anna kan eg ville deg en vel?
Å kjæraste eg bed for deg om kjærleik

DU I MEG

Oppvakning. Kven er du kjærleiken? kven er du som lever i meg? Eg likte så godt alle dei tolkningane dette diktet gav. Diktet gjev rom for så mykje. Frå diktsamlinga med same namn frå 1979.

Den morgonen eg vakna
vart alt så underleg.
Sæl kjende eg det levde
eit du i meg.

Nyskapt stod alt ikring meg
og lukkeleg og still
kom gleda hit og melde
at *du* er til.

TRI ROSOR

I 1937 hadde Jan-Magnus Bruheim ferdig den fyrste diktsamlinga si, «Ord og andlet». Manuskriptet var innom fleire forlag. Han fekk gode ord, men samlinga vart aldri gjeven ut. Først i 1941 fekk han gjeve ut ei samling. «Stengd dør» heitte den. Nokre av dikta frå den fyrste samlinga var med også her. Deriblant dette vakre kjærleiksdiktet.

Tri rosor bløder i kvelden
Duvar mot draumslørd natt
Tri tunge blødande rosor
Snart let dei andleti att.

Tri rosor bløder i togni
Med duvande, raude blad
Lev inn mot hjartenatti
Liksom eit tunglynt ja.

Eit skjelvande ja over djupe
For snart let bloman seg att,
Nå dabbar dei dauvleg i dogge
Og duvar mot myrkdæmd natt.

Blømer med ungdoms augo
Yvi ein jønuku-eld
Tri ordblomar inn i togni
Skal blø ut sitt liv i kveld

Tri levande ord som bognar
I tungljosken inn i meg
Lavande inn over hjartedjupe
Tri rosor; Eg elskar deg.

TUNGT GLIR BÅTEN

Frå den aller siste diktsamling han gav ut. «Årringar» kom i 1987, året før han døydde. Eg veit ikkje om Bruheim har hatt sitt eige liv i tankane her, men teksten er for meg eit oppgjer med eit liv som ikkje alltid gjekk som ein ville, draumar ein måtte gje slepp på, men ei sterk tru ein klamrar seg fast til; den største draumen av alle.

Tungt glir båten fylt med draumar
over opne vide hav
Møter brot og understraumar
som vil søkkje han i kav.

Himlen myrknar, stormen vaknar
Just som soli klårast skein
Draumar glir over ripa
nedi kavet ein og ein.

Makteslaus eg sit og ser
mine draumars drukningsdaude.
men gjennom alt som skjer
skal det endå ikkje naude.

Her er att ein einsleg draum
som eg fulltrygg veit skal leva
gjennom bylgjebrot og straum
er ein draum med rot i æva

VEGEN

Å bli «trakka på» kan bety så mangt. Her billedlig fortalt som vegen der alle går.
Frå «Ord gjennom larm» frå 1954.

Eg er vegen
Der alle går
Meg ventar det
Ingen vår.

Livlaus og grå
Og utestengd
Tøygjer eg fram
Mi døde lengd

Menneska går på meg
Til og frå
Eg er den alle
Trampar på

Mi røyst er det gråe
Grus i knas
På ålmannvegen
Gror aldri gras

II
Eg er vegen
Eg er ei hand
Som bitt saman bygder
Og land med land

Menneska trakkar
Mitt gråe grus
I gjennom grender
Og millom hus

Eg er eit uhøyrleg
Lengsels rop
Som fører menneska
I hop.

Dei går meg alltid
Ved dag og natt
Den opne vegen
Gror aldri att.

BREVET

Dette diktet visste eg ikkje om før Ove Eide gjorde meg merksam på det. Ove har redigert «Dikt i utval» og skriv om diktet: «Dei siste åra Jan-Magnus Bruheim levde, skreiv han fleire gongar i Årbok for Nordfjord, der Reidar Djupedal var med i skriftstyret. Bruheim hadde bidrag i årgangane 1983, 1985, 1986, 1987 og 1988. Like før Bruheim døydde hausten 1988, hadde han sendt inn diktet «Brevet», som blei det siste diktet Bruheim leverte frå seg. Som i fleire av Jan-Magnus Bruheim sine dikt handlar også «Brevet» om arbeidet med ord, vanskane med å finne det rette ordet. Han slit med formuleringane, men får fram berre eitt ord. Det står einsamt og lyser på det kvite papiret. Men kanskje var dette ordet nok, no, med alt sitt rike innhald.»

Eg sit i kveld og skriv til deg
og kjenner orda spire.
Men enno står det berre eitt
og lyser på papiret.

Eit «Kjære» berre, står det her.
Eg må vel finne fleire?
men vide flakkar tankane,
som fuglar kringom reiret.

Det er så mangt eg skulle sagt-
Fortenkt eg sit ved bordet
og tenkjer, kanskje er det nok
med dette eine ordet.

Eg ynskjer deg-kvarhelst du bur
langt burte eller nære,
at du kan kjenne varmen frå
det vesle ordet: Kjære.

AKG



NÅR VI MØTEST

Å denne lengten!! Lengten går att som ein trufast ven i diktarskapen til Jan-Magnus. Den må ha vore ei slags ei drivkraft i skapinga av orda han let etter seg. Dette vakre diktet med nøkkelordet «om» seier i all si enkelhet det meste.
Frå samlinga «Flo og Fjøre» 1984.

Når vi møtest–
Um vi møtest
no, ikveld

skal eg ordlaus
stå og kjenne
all min kjærleik
strøyme mot deg.
Logen lyse
frå min æve-eld.

Når vi møtest–

Um vi møtest
no. I kveld.

HAUSTKVELD VED HAVET

Skjåkværen Bruheim flytta frå skog og innland til det opne havet i Botnane hausten 1978. Dei 8 åra han budde der var han svært produktiv. Sjølv beskreiv han livet ved havet slik: «Alltid har eg lengta etter å bu ei tid utmed kysten. Rundt meg har eg alle småfuglane mine, det er alle sjøfuglane og hjorten so kjem fram på bøane når det skymer. Det er sjøen, fjelli rundt ikring seg som ein kan feste augo på, som kan ta tankane, som vide vil fara.»
Denne teksten vart ein gledelig musikalsk hyllest til livet ved havet.
(frå diktsamlinga «Flo og Fjøre» 1984)

Ei eldraud kveldsol sig i hav
og her i avdagselden
kan hjarta gløyme krav og kav
og kvile ut i kvelden

Ei furu står i skrinne jord
det susar lint i baret
småbåror kviskrar løynde ord
til bløretang og tare

Dei bårene som går mot land
og syng si same salme
dei rullar og mot framand strand
med mandeltre og palme

Det ropar røyster i meg; Kom!
til andre land og lende
men kjenner milde hender som
dreg tanken stilt attende

Langt ute høyres bylgjebrot
sjøfuglen ber seg ille
Draugen ror sin halve båt
mot natt og skymingstille

DEN ANNSAME

Kanskje eit av dei mest kjende dikta til Bruheim. Utgjeven i 1987 då begrepet «tidsklemme» enno ikkje var påkome. Midt i den sokalla «jappetida» var dette ein samfunnskommentar av dei treffande slaget. Det jaga menneske på evig jakt etter lukke og suksess.

Han har ikkje stund til å stogge
og ikkje tid til å sjå.
Menneske som han møter,
dei ansar han aldri på.

Mangt har han rekkje over.
Det gjeld um å fara fort.
Mykje var det å gjera.
Det auka dess meir han fekk gjort.

Så lid det til endes med dagen.
Han står der, studd over stav
og spør: Kva har livet gjeve
og kvar er det vorte av?

Slik jaga han gjennom livet
utan å få det fatt.
Ei glede sprang etter på vegen
men nådde han aldri att.

KVA BATAR DET?

Tre vers i eit inderlig dikt frå den fantastiske boka «Brevet til kjærleiken» frå 1977. Det prosalyrsike verket har vore min leietråd gjennom plateprosjektet. Les den!

Dei stride og strøymande tankar
Og hugen drøymande still,
Kva verd har vel det, um eg ikkje
har nokon å gjeva det til?

Kva vil eg med alt eg seier
og alle dei orda eg skriv,
um dei ikkje har ande og hjarteslag
som i deg kan skapa liv.

Kva batar all medgang i verdi
Som kjem og tyngjer deg ned.
Tomt er det alt, um eg ikkje har nokon
Å dele mi glede med.

TRØ IKKJE INN I STILLA

(Diktet «Støkk ikkje» frå samlinga «Innover Viddene» 1967)

Mi helsing til Jan-Magnus.

Trø ikkje inn i stilla
Støkk ikkje tagall bror.
Bryt ikkje inn i freden
Der livet og døden gror

Sumtid må sjeli vera
Einsleg på ubygd øy.
Åleine må livet fødast,
Åleine må det døy.

Trø ikkje inn i stilla
Støkk ikkje tagall bror
Sumt er for reint å røre ved
Sumt er for heilagt for ord.

Å KJÆRASTE
Sigrid Moldestad: vokal
Kato Ådland: pedal-steel og piano
Roald Kaldestad: gitar og mandola
Anders Bitustøyl: bass
Kåre Opheim: trommer
Sigbjørn Apeland: trøorgel

DU I MEG
Sigrid Moldestad: vokal
og hardingfele/fele
Kato Ådland: piano, gitar
og pedal-steel
Anders Røine: langeleik
Sigbjørn Apeland: trøorgel
Kåre Opheim: trommer
Morten Skage: bass

TRI ROSOR
Sigrid Moldestad: vokal
Anders Røine: langeleik
Kåre Opheim: trommer

TUNGT GLIR BÅTEN
Sigrid Moldestad: vokal og hardingfele
Kato Ådland: barytongitar
Morten Skage: bass
Sigbjørn Apeland: trøorgel
Jørgen Sandvik: mandolin
Sjømenn: Jørgen Sandvik, Sigbjørn Apeland og
Anders Hall

VEGEN
Sigrid Moldestad: vokal og fele
Anders Røine: langeleik og munnharpe
Kato Ådland: gitarar
Kåre Opheim: trommer
Anders Bitustøyl: bass
Anders Hall: fele

BREVET
Sigrid Moldestad: vokal
Kato Ådland: gitarer og piano
Sigbjørn Apeland: trøorgel
Morten Skage: bass
Kåre Opheim: trommer
Anders Hall: bratsj

NÅR VI MØTEST
Sigrid Moldestad: vokal
Anders Røine: langeleik
Gabriel Fliflet: trekkspel
Kato Ådland: gitar

HAUSTKVELD VED HAVET
Sigrid Moldestad: vokal
Kato Ådland: gitarar og pedal-steel
Kåre Opheim: trommer
Sigbjørn Apeland: trøorgel
Morten Skage: bass

DEN ANNSAME
Sigrid Moldestad: vokal og fele
Kato Ådland: gitar og piano
Sigbjørn Apeland: trøorgel
Kåre Opheim: trommer
Morten Skage bass
Anders Hall: fele
Tramp/klapp + diverse lyder: Sigbjørn Apeland, Kåre
Opheim, Kato Ådland, Sigrid Moldestad, Jørgen
Sandvik og Anders Hall

KVA BATAR DET?
Sigrid Moldestad: vokal
Kato Ådland: gitar

TRØ IKKJE INN I STILLA
Sigrid Moldestad: vokal og fele
Kato Ådland: piano

Økonomisk støtte frå Norsk Kulturråd, Fond for Lyd og Bilde, Fond for Utøvende Kunstnere, Botnane og Årebrot grendalag, Bremanger kommune, Skjåk Kommune, Vennelaget for Jan-Magnus Bruheim.

TAKK!
Ein stor takk til Magni Øvrebotten for engasjement og hjarte utover det vanlige i alt dette! Takk for alle historier, dikt og ekstra materiale. Takk for at du er ei slik drivkraft! I tillegg takkar eg Sigrun Eide og Bruheim-nemnda for at de spurde meg om å gjere dikta til songar. Vidare takk til Julian Berntzen for at du har holdt tak i prosjektet. Takk til Botnane og Årebrot Grendalag som let oss låne det gamle skulehuset og takk til Ove Eide for ord og støtte på vegen og til Torunn Haugen, Magnhild Bruheim og andre etterkomarar. Grappa Musikkforlag, Helge Westbye, Cathrine Heen og Therese Asker.

Takk kjære Kato Ådland! – for tolmod, positiv energi, leikande idear og inspirerande samarbeid. Du har vore ein klippe i prosjektet. Takk til Morten Skage for innspeling, miks og dedikert deltaking. Ikkje minst TAKK alle musikarane for tonane, rytmane og hjarte de la att i songane.

Takk til Magnus Skrede og Oddleiv Apneseth for makelause foto, Eva Karlsson for lovely design og Morten Lund for mastering.

Tilslutt ein varm takk alle de andre som er ikring meg i opp- og nedturar. Love you all!
Teodor, Bertine, Kalle, Ellen, Gro, Britt, Elise, Cecilie, Møyfrid, Tor-Christian, bandet mitt, naboa, mor, far og sysken.

Innspelt i september 2013 i Botnane Skulehus der Jan-Magnus Bruheim budde 1978–1985 samt i Havnelageret Studio, Bergen oktober–desember 2013.
Teknikk: Morten Skage og Kato Ådland
Miks: Morten Skage
Produsent: Kato Ådland
Co-Produsent: Sigrid Moldestad
Mastering: Morten Lund
Foto: Magnus Skrede
Fotoassistent: Bertine Moldestad-Evensen
Foto av Jan-Magnus Bruheim: Kristian Hosar
Foto frå Botnane: Oddleiv Apneseth
Coverdesign: Eva Karlsson

Tekstar: Jan-Magnus Bruheim
Musikk: Sigrid Moldestad

Alle arrangement er utvikla i samarbeid med Kato Ådland, samt dei øvrige musikarane som er med.

www.sigridmoldestad.com
www.facebook.com/sigridmoldestad
www.facebook.com/jan-magnusbruheim
www.grappa.no

© ℗ 2014 GRAPPA MUSIKKFORLAG AS HCD7290.
ISRC: NOGHH1490010 – NOGHH1490110